

FINNØY KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Kommunestyret	03.09.2014	056/14	OHM

Saksansvarleg Helene M. Ohm	Arkiv: K1-250 Objekt:	Arkivsaknr 14/524
--------------------------------	--------------------------	----------------------

KOMMUNEREFORM - VEGEN VIDARE

Saksutgreiing:

Regjeringa har, med støtte i eit fleirtal i Stortinget, lagt grunnlaget for vidare arbeid med ei omfattande nasjonal kommunereform. Det er no opp til kommunane, med drahjelp frå KS og Fylkesmannen i kvart fylke, å gjennomføra gode regionale prosessar med sikte på å koma fram til løysingar som er i tråd med intensjonane med reforma, og som er mest mogleg solid forankra regionalt og lokalt.

Den vidare handteringa av kommunereforma må i hovudsak skje gjennom politisk styrte prosessar. Rådmannen forstår kommunestyret si «bestilling» av sak om ny kommunestruktur som eit ønske om å få eit best mogleg grunnlag for å drøfta og avgjera korleis Finnøy skal handtera denne utfordringa. Hovudmålet med saksframlegget er derfor primært å gjera kort greie for status for arbeidet med ny kommunereform og drøfta aktuelle spørsmål knytta til innhald og prosess framover. Rådmannen finn det ikkje naturleg og rett å vurdere og gi konkrete råd om framtidige strukturalternativ, men tar utgangspunkt i dei politiske føringane som kommunestyret alt har gitt i kap. 4.2 i førebels forslag til ny samfunnsdel i kommuneplan for Finnøy 2014-26.

Vurdering:

Kommunestyret har i forslag til samfunnsdel i ny kommuneplan valt å møta utfordringane knytta til kommunereforma med eit ope utgangspunkt og utan fastlåste posisjonar. Rådmannen meiner dette er eit strategisk klokt utgangspunkt for det arbeidet som skal gjerast og dei samtalane som skal førast, saman med andre kommunar i regionen.

Rådmannen tilrår at Finnøy kommune tar utgangspunkt i ekspertutvalet si innstilling med kriterium som bør diskuterast, og bruker innhaldet i kap. 4.2 i forslag til ny samfunnsdel i kommuneplanen som arbeidsgrunnlag for den komande prosessen. Følgjande formulering i forslaget kan gjerne vera ein overordna innfallsvinkel: «*Ev. nye modellar må vere berekraftige og fremje fortsatt busetting, vekst og utvikling i alle delar av Finnøy*». Med dette poengterer kommunen at ev. kommunesamanslåing ikkje skal vera eit mål i seg sjølv, men skal vurderast som ein ev. reiskap for å oppnå gode vilkår for innbyggjarane og vidareføra berekraftige lokalsamfunn.

Gjennom dei fire kulepunkta i kap. 4.2 i kommuneplanforslaget har kommunestyret etter rådmannen si vurdering lagt hovudpremissane for kommunen sitt bidrag inn i dei regionale samtalane:

- Finnøy går inn i prosessen med utgangspunkt i å sjå kommunen under eitt, slik den framstår i dag.
- Føretrekte samtalepartnarar er andre kommunar i Nord Jæren-regionen.
- Kommunen vil i prosessen vera mest opptatt å få diskutert og utgreidd korleis ev. ulike strukturalternativ kan/vil verke inn på følgjande nøkkelfaktorar:
 - Utvikling av det lokale tenestetilbodet i alle delar av kommunen – tilgang og kvalitet
 - Rekruttering/tilgang på kompetanse, spesielt innan små og sårbare fagområde
 - Lokalisering av offentlege instansar, spesielt dei folk bruker oftast og mest
 - Utvikling av kommunikasjonsmessig infrastruktur, med spesiell fokus på situasjonen i Finnøy med mellom 30 og 40 % av innbyggjarane som per i dag har sjøen som sin einaste veg til/frå omverda
- Vilkåra for små og levande lokalsamfunn – med særleg fokus på vidareutvikling av folkeleg engasjement og medverknad og eit levande lokaldemokrati, med sikte på å ha så kort avstand som mogleg mellom dei som styrer og dei som blir styrt

Det er både naturleg og rett at kvar kommune går inn i kommunereformsamtalane med sitt lokale utgangspunkt, basert på lokal vurdering av status og utfordringar. Rådmannen vil samtidig minna om *det regionale perspektivet*. Finnøy er i aukande grad blitt ein integrert del av Nord Jæren-regionen med felles bustad- og arbeidsmarked. Det som skjer i Stavanger og Sandnes har betydning for dei mindre kommunane i randsona av regionen, og det som skjer i kommunar som Finnøy og Rennesøy er med på å utgjera ein forskjell for heile regionen. Dette handlar om viktige samfunnsutviklingsfaktorar som samferdsel, næringsutvikling, arealplanlegging og bustadutvikling osb.

Med det regionale perspektivet som utgangspunkt meiner rådmannen at Finnøy som likeverdig aktør i samtalar med andre kommunar også må delta aktivt i debatten om langsiktig regional utvikling. Kva som skjer i forhold til t.d. areal-, samferdsels- og næringsutvikling i Stavanger/Sandnes-området, er både interessant og viktig også for dei mindre kommunane. Rådmannen er derfor opptatt av at Finnøy bør medverka til at det regionale perspektivet ikkje først og fremst blir ein debatt dominert av «dei to store», dvs. Stavanger og Sandnes.

Etter rådmannen si vurdering må det vidare arbeidet med kommunereforma skje på to plan, - det lokale og det regionale. For det første vil kvar enkelt kommune ha behov for å avklara strategiane og posisjonane sine, herunder ev. gjera lokalt analyse- og utgreiingsarbeid som er viktig for å gi kommunen eit best mogleg grunnlag for dei regionale prosessane. For det andre må kommunar finna saman i naturlege samtalegrupper og få til open, konstruktiv og løysingsorientert kommunikasjon for å finna fram til langsiktige og berekraftige modellar som det er størst mogleg grad av felles eigarforhold til.

Når det gjeld det innhaldsmessige fundamentet for Finnøy sin medverknad regionalt, ser nok rådmannen at politikarane kan sjå behov for noko meir analyse- og utgreiingsarbeid i forhold til enkelte nøkkelspørsmål. Dersom så er tilfelle, er rådmannen open for å drøfta nærare med politisk leiing kva spørsmål det ev. kan vera og korleis slikt arbeid kan skje. Samarbeid med andre kommunar med same type utfordringar, f.eks. Rennesøy kommune, bør ev. vurderast i forhold til slike behov.

Når det gjeld gjennomføring av sjølve prosessane saman med andre kommunar i regionen, er rådmannen førebels relativt open. Her avventar vi svært raskt konkrete signal om kva Fylkesmannen og KS tenkjer og vil foreslå, som ansvarlege for å leggja til rette for denne delen av reformprosessen. Rådmannen vil kunna orientera om dette seinast under møtet i kommunestyret.

Rådmannen meiner i utgangspunktet at Finnøy kan avvanta kva som skjer regionalt før ein avklarar konkret strategi for samtalanane med andre kommunar. I debatten i kommunestyret blei det gitt relativt klare signal om at både Rennesøy, Randaberg, Kvitsøy og Stavanger er naturlege samtalepartnarar. Rådmannen meiner at det er klokt å ha ei så vidt open og brei tilnærming. I lys av det regionale perspektivet bør ein i tillegg halda kanalane opne også til kommunar lenger sør, og mot nabokommunane på fastlandssida i Ryfylke. Både i Ryfylke (Forsand-Hjelmeland-Strand) og på Jæren (gjennom Jærrådet) er kommunane alt godt i gong med drøftings- og analysearbeid som kan vere nyttig å henta idear og kunnskap frå.

Som nemnt i innleiinga, så bør den vidare handteringa av kommunereforma i hovudsak skje gjennom politisk styrte prosessar. Rådmannen meiner difor kommunestyret bør utpeike 2-3 politikarar som kan følgje opp saka og ta rolla som «styringsgruppe» for prosessen framover. Dette vil vera personval, og rådmannen legg difor ikkje fram forslag til medlemmer i «styringsgruppa».

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannen sine vurderingar og legg desse til grunn som Finnøy sin strategi for det vidare arbeidet med kommunereforma.
2. Kommunestyret gir fullmakt til å følgja opp saka og ta rolla som «styringsgruppe» for prosessen framover.

056/14: KOMMUNEREFORM - VEGEN VIDARE

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

3. Kommunestyret sluttar seg til rådmannen sine vurderingar og legg desse til grunn som Finnøy sin strategi for det vidare arbeidet med kommunereforma.
4. Kommunestyret gir fullmakt til å følgja opp saka og ta rolla som «styringsgruppe» for prosessen framover.

KS-056/14 VEDTAK 03.09.2014:

Gro Skartveit (V) fremja fylgjande forslag til nytt punkt 2: «Kommunestyret gjev gruppeleiarane saman med ordførar og varaordførar fullmakt til å fylgje opp saka og ta rolla som styringsgruppe for prosessen vidare. Forhandlingsutvalet skal på vegne av styringsgruppa ha den direkte dialogen med aktuelle kommunar. Rådmannen stiller sekretær/utgreiingshjelp til disposisjon for styringsgruppa.» Ved votering fekk forslaget 21 røyster og vart samrøystes vedtatt.

- 1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannen sine vurderingar og legg desse til grunn som Finnøy sin strategi for det vidare arbeidet med kommunereforma.**
- 2. Kommunestyret gjev gruppeleiarane saman med ordførar og varaordførar fullmakt til å fylgje opp saka og ta rolla som styringsgruppe for prosessen vidare. Forhandlingsutvalet skal på vegne av styringsgruppa ha den direkte dialogen med aktuelle kommunar. Rådmannen stiller sekretær/utgreiingshjelp til disposisjon for styringsgruppa.»**